

**Fra:** Noralv Distad [Noralv.Distad@sfj.no]  
**Til:** Dina Johanne Lefdal [dina.lefdal@sfj.no]  
**Kopi:**  
**Sendt:** 19.07.2018 18:48:20  
**Emne:** VS: klage på lyd på buss  
**Vedlegg:**

---

**Fra:** Føleide, Oddny Grotle [mailto:oddny.foleide@skatteetaten.no]  
**Sendt:** måndag 16. juli 2018 14:24  
**Til:** Noralv Distad <Noralv.Distad@sfj.no>  
**Emne:** klage på lyd på buss

Hei

Eg pendlar dagleg med buss fra Sandane til Førde, og reiser kl. 06.10 kvar morgon. Eg har pendla snart i 11 år. Den siste tida har vi på ny fått denne stemma på bussen som til ein kvar tid fortel oss neste holdeplass i tillegg til ein intens pling lyd kvar gong bussen køyrer vidare etter eit stopp.

Lyden på bussen er så høg, at det er umulig for oss som ønsker å sove oss til jobb, klarer å sove. Eg vil kalle det tortur. Vi tek nettopp buss fordi at vi kan slappe av og sove på bussen, når vi står op kl 5 om morgningen.

Eg har klaga til Firda billag, og til Fylkeskommunen, og får samme svar at det er lovpålagt å ha denne stemma som fortel oss om kvar holdeplass.

Eg har fått avslag på min klage, og fått lovverket tilsendt. I § 8 i samme lovverket står der at det kan gi unntak fra eit eller fleire krav i § 4. Då er det nemnd noko ein ikkje kan gje unntak på, men lyd er ikkje nemdt.

Eg har vist til dette unntaket, men får til svar at det er blitt vurdert i hovudutvalet for samferdsle og der skal ikkje gjevast unntak. Derfor denne eposten til deg.

Då spør eg her: Kan de vurdere dette på nytt? Det er uholdbart både for oss som pendlar kvar dag, og for sjåførar som er heilt fortvila, og høyre på denne lyden som fortel oss om neste holdeplass.

Du kan f.eks prøve å reise sjølv denne strekke og få opplest med høgstemme kvar ein einaste holdeplass fra Sandane til Førde, ja eg trur at der er minst 50 ein veg. Når du så skal høyre på dette to gonger for dag i 5 dager, då trur eg du skjønar kva eg meiner.

Det må kunne vere ein av og på knapp, slik at kjem der ein person som er svaksynt eller blind på bussen, så må kunne sjåføren få slå på denne lyden. I mine 11 år som pendlar har det ikkje vore med nokon på bussen fra Sandane som har vore blind, kjem der ein inn, skal eg gladeleg høyre på den lyden den turen.

Det må kunne gå an og gjere begge grupper tillags.

Håper på ei ny vurdering, og eit svar fra deg.

Dersom de ikkje kan vurdere dette på nytt, ber eg om at eg får ein kontaktperson høgare opp i systemet.

Mvh  
Oddny Grotle Føleide

---

Denne e-posten og eventuelle vedlegg er beregnet utelukkende for den institusjon eller person den er rettet til og kan være belagt med lovbestemt taushetsplikt. Dersom e-posten er feilsendt, vennligst slett den og kontakt Skatteetaten.  
The contents of this email message and any attachments are intended solely for the addressee(s) and may contain confidential information and may be legally protected from disclosure. If you are not the intended recipient of this message, please immediately delete the message and alert the Norwegian Tax Administration.